

Nyhendebrev 2/2024



Landbrukskontoret for Gloppen og Stad

Her kjem eit nyhendebrev frå landbrukskontoret i Gloppen og Stad med fokus på søknadsfristar og ordningar. Har du spørsmål om noko, ta kontakt med oss!

Søknadsfristar og viktige datoar i tredje kvartal 2024

Her kjem ei lita oversikt på fristar vi har for å søkje om ulike støtteordningar, tilskot og andre fristar. De kan lese meir om ordningane på heimesidene våre.

| Ordning | Søknadsfrist | Ramme, inkl. inndregne midlar | |
|--------------------------|-----------------------------------|--------------------------------|---------|
| | | Gloppen | Stad |
| | Felles for Gloppen og Stad | | |
| Straumstøtte | 31. august | Les meir her . | |
| Produksjonstilskot del 2 | 15. oktober | | |
| RMP | 15. oktober | | |
| Drenering | Løpande | 103 000 | 79 000 |
| Tilskot til skogkultur | Løpande | 100 000 | 100 000 |
| Tilskot til taubane | Løpande | | |

Kort info om regionalt miljøprogram(RMP) - søknadsomgang 2024

Søknadsomgangen opnar 15. september. Søknadsfristane er 15. oktober (private føretak) og 15. november (beitelag). Private føretak kan redigera i søknad innsendt innan 15. oktober inntil 29. oktober utan trekk i tilskot.

Alle tilskotsomtalan var klare og publisert på nett i starten av april, og alle PT-søkarane i Vestland fekk tilsendt SMS med lenke til RMP-sida til Statsforvaltaren 9. april

Alle PT-søkarar i Vestland vil få ny SMS kring 15. september med påminning om søknadsfristen, eventuelt også ein ny SMS med påminning like før søknadsfristen 15. oktober

Vestland fekk i årets Jordbruksforhandlingar auke i RMP-ramma på 6,5 mill kr i høve til 2023

Forskrifta og tiltaka er uendra i høve til 2023. Fylgjande tiltak har fått auka førebelse tilskots-satsar i høve til 2023 etter samråd med faglagar i jordbruket:

- Tilskot til drift av beitelag (småfe)
- Tilskot til drift av bratt areal (grasareal med helling 1:5 eller brattare og grasareal med helling 1:3 eller brattare)
- Kantsone i eng.

- Tilskot til beiting av verdifulle jordbruksareal i utmark (gjeld sau på høgareliggende utmarksbeite der søkar er medlem i eit beitelag).
- Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselslange (gjeld berre i kombinasjon med nedfelling eller nedlegging).
- Tilskot til stølsdrift.

All informasjon om RMP, både for søkjarar og kommunar, ligg samla på temasida hos Statsforvaltaren, sjå www.statsforvalteren.no/vl/rmp.

Produksjonstilskot og avløysartilskot

Det er ikkje kome så mykje informasjon om søknadsomgangen i oktober. De kan følgje med på heimesida til Landbruksdirektoratet: [Produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket - Landbruksdirektoratet](#). Søknadsfrist 15. oktober.

JOB:U-prosjektet godt i gang!

I sommar skal 5 ungdommar ha sommarjobb i skogbruket i Gloppen. Prosjektet er i regi av [Skogselskapet i Sogn og Fjordane](#) og Gloppen og Sunnfjord kommune er med på prosjektet der målet er å auke interessa for skog og skogbruk som yrkes- og utdanningsveg for ungdommar.



Utdeling av utstyr til ungdomane som skal drive arbeid i skogane i Gloppen og Sunnfjord. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

sommaren. Skogeigar får dekkja kostnaden ved utført ungskogpleie på ordinært vis gjennom skogfond og tilskot. Vi håpar erfaringane vert gode og at fleire ungdommar kan sjå moglegheiter i skogbruket både til sommarjobb og som seinare karriereveg!

Dei skal utføre ungskogpleie for lokale skogeigarar som har behov for det. Det har vore stor interesse for å få utført ungskogpleie og det er godt med arbeid for dei ungdomane som skal ha sommarjobb. Ungskogpleie er viktig å få gjort for å auke kvaliteten på skog i vekst og gjere skogen meir robust og ikkje minst meir verdifull ved hogstmogen alder. Det er hardt fysisk arbeid, men det er gode pengar å tene og viktig for skogeigar å få utført naudsynt stell av skogen sin. Ungdomane har gjennomført opplæring både teoretisk og praktisk og vert følgt opp av Skogselskapet gjennom

Landbrukskontoret ynskjer å halde fram med tilsvarande prosjekt neste sommar, gjerne i Stad kommune, og ynskjer gjerne at både ungdom og skogeigarar tek kontakt for å melde si interesse for sommarjobb og ungskogpleie til neste år!

Skogforsikring

Sommerveret har ikkje så langt vore av det slaget at det fyrste du tenkjer på skogbrann, men det er viktig at du forsikrar skogen din! Det er store langsiktige verdiar og skogen er utsett både for skogbrann, vind og vær. I Noreg er det ein aktør som forsikrar skog; [Skogbrand](#). Det er lett å teikne forsikring og du legg berre inn skogarealet ditt som du finn til dømes på [Gardskart hos Nibio](#) og får forsikra skogen både mot brann og vind. Dei aller fleste som teiknar forsikring vert forundra over kor låg pris det er på å sikre skogverdiane på eigedomen sin.



Skogbrann kan få store konsekvensar for skogeigaren. Foto: Firda Tidende.

Gå på www.skogbrand.no for å sjå vilkår og korleis du kan teikne forsikring, her får du pris utrekna før du takkar ja til forsikringa. Skogforsikring kan du dekke med skogfond. Treng du hjelp til å finne fram, stikk innom landbrukskontoret eller slå på tråden, så hjelper vi deg!

Søknad om tilskot til planting eller ungskogpleie og skogfond



Granplanter klar for å setjast i jorda. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.

Mange skogeigarar har planta eller fått utført nyplanting etter hogst på vårparten eller skal gjere dette no i haust. Gloppen kommune og Stad kommune har gode tilskotssatsar på planting (forynging), suppleringsplanting og ungskogpleie.

For å få refundert kostnader frå skogfondet ditt og få eventuelt tilskot, må du søkje kommunen. Dette gjer du ved å nytte [søknadsskjema som du finn hos Landbruksdirektoratet](#) eller du kan [søkje via Altinn](#).

Erfaringsmessig vert det mykje søknadar når det nærmar seg fristen, så vi rår til at du søker så snart du har fått faktura på plantekjøp og eventuelt plantearbeid. Det er viktig at du sender med [kart over området som er planta og kopi av faktura](#). Utan dette, får vi ikkje handsama søknaden.

Det er og viktig at du betalar fakturaen når den kjem, utlegget får du refundert i etterkant og det kan ta noko tid. Om du har spørsmål rundt utfylling av søknadsskjemaet, ta kontakt med oss, så hjelper vi deg. I tillegg til kommunen sitt kommunale tilskot på 50 % på planting, så er det også eit statleg klimatilskot for tett planting om plantefeltet oppfyller krava for dette.

Innsamling av landbruksplast



Rundballeplast på avvege spreier mikroplast som både folk og dyr får i seg. Foto: Bondevennen.

Rundballeplast kan vere ei kjelde til forureining og kan ende som mikroplast i jordsmonn og vatn. Det er viktig å passe på at plasten kjem dit den skal og ikkje blir liggande å slenge der den ikkje skal vere.

Vi har fått fleire spørsmål om korleis ein kan blir kvitt rundballeplasten. [Retura NoMil](#) tok tidlegare i mot plasten gratis, det gjer dei ikkje lengre. Det er likevel mange ulike løysingar som ikkje verken treng å vere særskilt kostbare eller

vanskelege slik at du kan handtere rundballeplasten på ein miljøforsvarleg måte. Felleskjøpet har ordning der ein kan levere laus plast gratis ei gong i året, eller om ein har pressa plasten sjølv, kan ein levere gratis heile året. Les meir om ordninga på Felleskjøpet sine sider [Innsamling av komprimert rundballeplast | Felleskjøpet.no \(felleskjopet.no\)](#).

Ei anna løysing kan vere å leige seg ein container åleine eller saman med andre som blir tømt fire gonger per år frå Retura NoMil. Det er viktig at plasten som blir levert er så rein som mogleg og har lik farge. Det skal ikkje vere anna enn rundballeplast.

Dei ulike bondelaga og bygdelaga kringom i kommunane våre har ulike ordningar for sine medlemmar og dei som bur der. Dei fleste har innsamling ei gong i året som er gratis for medlemmar. Andre har ståande containar heile året som blir tømt regelmessig og kostnad teke av laget, eller fordelt på dei som leverer i containaren.



Innsamla rundballeplast. Foto: Retura Nomil.

Plasten blir levert direkte til Norsk gjenvinning for resirkulering.

Retura NoMil tek for øvrig imot metall gratis når det blir levert på mottaket.

Hjortejakt

Alle valdleiarar vil få tilsendt eit informasjonsbrev i august med nyttig informasjon før jakta. Dette vert sendt på e-post. Pass på å ha rett e-post registrert på Hjorteviltregisteret.

Ny versjon av appen «sett og skutt»

Alle jaktfelt som driver jakt skal registrere sett og felt hjort i hjorteviltregisteret. Dette gjerast enklast med appen «sett og skutt». Miljødirektoratet har i år lansert ny versjon av. Den eksisterande versjonen vil slutte å fungere innan kort tid og kan avinstallerast.

Les meir på: <https://www.hjortevilt.no/ny-versjon-av-sett-og-skutt-appen/>

Fri avskyting på kalv

Både Gloppen og Stad kommune har fått dispensasjon frå hjorteviltforskrifta § 18 og har tildelt fri avskyting på kalv til alle godkjente vald i kommunen for jaktseasonen 2024.

Svar på ein del spørsmål rundt ordninga ligg her: <https://www.hjortevilt.no/kvotefri-jakt-pa-hjortekalv-fortsetter-i-2024/>

Fellingsavgift

Stad kommune

Retningslinjene for viltfondet (vedteke 2022) legg, i samband med makssatsane frå Miljødirektoratet, føringane for satsane på fellingsavgifta i kommunen. For vaksen hjort og ungdyr skal det takast full makssats for vaksen, mens for kalv skal det takast ¼ av makssatsen for kalv.

For 2024 blir satsane:

Vaksen/ungdyr: kr 480,-

Kalv: (kr 290 / 4 =) kr 73,-

Gloppen kommune

Retningslinjene for viltfondet (vedteke 2022) legg, i samband med makssatsane frå Miljødirektoratet, føringane for satsane på fellingsavgifta i kommunen. For vaksen hjort og ungdyr skal det takast ⅘ makssats for vaksen, mens for kalv skal det takast ¼ av makssatsen for kalv.

For 2024 blir satsane:

Vaksen: (kr 480 * 0,80 =) kr 384,-

Kalv: (kr 290 / 4 =) kr 73,-

Kompensasjon for riving og opprydding av pelsdyrhus

Pelsdyrproduksjon i Norge skal avviklast innan 1. februar 2025. Hvis du har kostnader til riving og opprydding av pelsdyrhus, kan du søkje kompensasjon. Pelsdyroppdrettarar og eigarar av pelsdyrhus, kan søkje. [Les meir på Landbruksdirektoratet sine sider.](#)

Eggproduksjon og svinehald – støtte frå Innovasjon Norge



Innovasjon
Norge

melder at på grunn av underskot av egg har dei opna opp for at også nye produsentar kan søkje om tilskot til oppføring av hønsehus. Det er eit krav at dei som søkjer om tilskot til bygging av hønsehus har leveringsavtale av egg, med Nortura. Søkjaren må legge ved vedlegg som for ordinære søknader om investeringstilskot (driftsplan, kostnadsoverslag med meir).

Nortura har i følgje artikkel i Nationen per 29.06.24 inngått avtale med 12 nye eggprodusentar, og har mål om å inngå avtale med 30 produsentar.

Innovasjon Norge har og opna opp for å yte tilskot til bygging av grisehus, også nye produsentar, «i område for opprettholdelse av produsentmiljø og annen infrastruktur som f.eks. slakteri». Innovasjon Norge har følgjande omtale om støtte til svinehald i sin policy: «Svinehold: Det kan gis støtte til etablerte produsentar for prosjekter som innebærer utvidelse til konsesjonsgrense smågrisproduksjon, kombinert produksjon og slaktegrisproduksjon. Videre kan det gis støtte til nyetablering i områder der det er viktig for opprettholdelse av produsentmiljø og annen infrastruktur som f.eks. slakteri».

Vemund Aartun er Innovasjon Norge Vestland sin kontaktperson. Tlf. 99 29 36 96.

Vemund.aartun@innovasjon norge.no

Vi ynskjer alle ein retteleg god sommar og beitesesong!
Helsing Trine, Odd-Harald, Åse, Karoline, Lindis og Bernt!



Gimmestadstøylen, Sørstranda, Gloppen. Foto: Karoline Bjerkeset, Gloppen kommune.